

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2013

Roy Otto

Side 2-3

Tenning av julegran

Side 11

Skulesjakken blomstrar

Side 12-13

Førjulskonsert

Side 15

4H

Side 22-23



Aktive bygdekviner

Side 26-27



Galla middag i sammen med Verdensmesteren i speedway, U- 21, Is racing og langbane. Roy heilt til høyre.

Roy Otto

Køyraren, leiaren og domaren

Roy Otto er 56 år, fødd på Bryne, vaks opp på Orre og vart Varhaug bu som 18 åring, då han bygde hus saman med kona Kristin frå Reiestad. Dei har 3 jenter; Bente Helen, Anita og Katrine. Dei har fått 5 barnebarn, 4 gutar og ei jente.

Alt på 60 talet vart Roy interessert i speedway. På den tida var Jon Ødegård frå Bryne på toppen i denne sporten, og det var nok ein av grunnane til at interessa vakna hos Roy. I 1976 kjøpte han sin første motorsykkel, og var med på sitt første speedway løp i Loen på Nærbø. Resultatet her vart ambulanse og eit lengre opphald på sjukehuset. Men Roy vart ikkje skræmd av dette. Det gjekk betre og betre etter kvart, og han var aktiv køyrar til og med 1986. Gjennom

desse åra konkurrerte han på alle dei norske banane. Han var og med på landslaget i mange år. Dei siste åra av karrieren køyrde han mest ute i Europa, og har køyrt i dei fleste Europiske landa.

Roy er og norgesmeister i par og i lag fleire gonger.

I 1986 var Roy ein av i dei som var med og starta Elgane Motorsykkel klubb. Det hadde då vore ei tid med misnøye og samarbeidsproblem med NMK Sandnes & Jæren, som dreiv banen dei første åra. Me som var lokale entusiastar, seier Roy, og brann for speedway sporten og ikkje minst anlegget på Elgane, tykte ikkje at Sandnes & Jæren prioriterte anlegg og sportslege aktivitetar godt nok.



Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Det viste seg at det var rett og starta eigen klubb, seier Roy. Han vart leiar i den nye klubben; ein jobb han hadde dei neste 9 åra. Dei fekk raskt med seg folk i bygda. Kommunen og Idrettsrådet stilte opp og var til god hjelp, då spesielt når dei hadde utbyggingsplanar og store løp.

Då dei tok over anlegget, var det berre ein bane og råbygget til klubbhus som var reist. Så dei starta straks med og utvida og oppgradera anlegget. «Her er det viktig og nemna Tonning Hansen», seier Roy. «Det var han som hadde starta det heile med å få banen bygt, me tok over og bygde vidare. Utan Tonning hadde ikkje Elgane eksistert».

Etter at dei hadde starta Elgane MK, vart det køyrt mange løp, både nasjonale og internasjonale meisterskap. Eit av høgdepunkta i utviklinga av klubben var nok då dei arrangerte VM finale for U-21 i 1994.

I dag står Elgane som eit av dei mest veldrivne og beste anlegg i Norge.

Då Roy slutta som aktiv køyrar, utdanna han seg til dommar. Etter nokre år på nasjonalt nivå, vart han utteken av det internasjonale forbundet – FIM – og vart godkjent som ein av 12 dommarar i verda som kunne dømme VM rundar og VM finalar. Roy var dommar på fleire VM finalar og Grand Prix løp i den tida.

Frå 1986 og fram til 1995 var Roy styremedlem og leiar i speedway komiteen i Norges motorsykkel Forbund. Han var og styremedlem og visepresident i forbundsstyret i 10 år.

I 1993 vart Roy valt inn i styret i FIM. Dette er eit styre med 15 medlemmar frå like mange land, som har ansvar for alle internasjonale aktivitetar, reglement og VM løp. Roy var i dette styret til mars i år.

Etter 20 år i styret med 8 år som visepresident, og dei siste åra som president, tykte Roy det var nok. Han følte at etter 40 år med speedway, så hadde han gjort sin jobb. Oppgåvene i det internasjonale styret var mange og innebar mykje reising. Mest kvar helg var det i Europa eller elles i verda løp eller møte. Roy har i samband med denne jobben besøkt alle verdas kontinent og eit uttal av land. Han har hatt gleda av og møta og verta kjent med mange kulturar, og ikkje minst fått mange gode venner og kontaktar.

Når eg høyrar kva denne mannen har vore med på, er det mest så eg mistar pusten. «Det står alltid ei kone bak, vert det sagt mange gonger» Her er det det tydeleg at Roy har ei gild og tolmodig kone, for elles hadde det aldri gått.

Eg takker Roy for drøset. Dette har eg masa lenge for å få til. Roy meinte han ikkje hadde så mykje og fara med som kunne ha interesse for folk på Varhaug. Snakk om og vera beskjeden! «Det er ikkje berre dei som ferdast på Elgane som er krye av det du har gjort Roy, nå er heile Varhaug det».

Liv

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Brit Obrestad,

Vennelaget Lerbrekk skule

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H/BU

Styremedlem

Annette Håland, bondelaget

Varamedlem

Sigbjørn Særheim, skulekorpset

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymleklednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*

**Støtt opp om annonsørane våre,
dei støttar Varhaugbuen!**





Julehefter til Varhaug-koner

Snart jul betydde før i verda at min korte sesong som lønsmottakar og kremmar tok til. Eg var barnarbeidar. Reisande i julehefte med 20 prosent avanse og null skatt. Eg var ni år og lokal salskonsulent for Norsk Luthersk Misjonssamband.

Mor og far var engasjert i Misjonssambandet sitt misjonslag her i bygda. Misjonslaget si førjulsoppgåve var å tilby oppbyggelige julehefte til varhaugbuen. Porteføljen bestod av dei meir eller mindre kulørte magasina Jul Igjen, Mot Juletid og Når Lysene Tennes. Søstre mine tok sin tårn rundt i bygda med åndsverka i fleire år.

Då dei vart så pass store at dei fann mindre strevsame måtar til å fylle opp pengetaskene sine med før julehandelen, var turen komen til meg. Sal av julehefte var ein lukrativ geskjeft som gav likvide midlar til ein ung mann med stoltheit nok til å vilja kjøpe julegaver til sine næraste av eigne pengar.

Prosedyrer var den same kvart år. Tidleg i november, etter fjøstid, dukka Husveg-bonden Tobias Varhaug opp i kjøkkenet heime. Han hadde med seg ei stor taske og ei veldig lita notisbok. Notisboka hadde ein gong vore frisk

og gul i fargen. Det var ho ikkje lenger. Me kalla Tobias si notisbok for flysså. Ho var fillete og meir grå enn gul.

Flysså hadde vore utsett for vêr og vind og grove arbeidsnevar gjennom fleire år. Tobias Varhaug hørde til den generasjonen som nytta si notisbok frå første til siste linje. Mor og Tobias konsulterte og forhandla ved kjøkkenbordet. Tobias noterte. Til slutt bytte høveleg mengd julehefte plass frå Tobias sitt mobile lager og over i mi taske i brunt imitert skinn. Tobias sette punktum i flysså med blyantstumpen. Han sette vant hatten på hovudet, kremta adjø til mor, strauk meg lukkeønskjande over lysluggen og strauk på dør.

Å få sykle rundt på Varhaug og selje julehefte for førti år sidan var stort sett eit privilegium. Det var, rett nok, iskaldt og ofseleg mørkt. Dynamoen til sykkellykta vart berre aktivisert i nedoverbakkane. Elles var julehefta på bagasjebrettet tunge nok, om ikkje dynamoen skulle sive tungt og slitande mot dekket i tillegg. Ruta mi inkluderte Reiestad og Odland. Håland, Primstad, Toppaland, Skretting og Skrettingland. Motet var sterkare enn motvinden. Av praktiske årsaker var eg ute på salsturné på tidleg kveldstid. Etter leksetid og etter at det hadde blitt

mørkt, men før energisparande varhaugbuar hadde tenkt på å skru på utelysa.

Mørkredd har eg aldri vore, men det var eitt par hus eg sykla forbi. Eg kjende ikkje andleta til dei som budde der, men eg fekk heller dårlege assosiasjonar over synet av innkjørselen og dei mørke husa, slik at eg sykla forbi utan å sjå meg til sides. Ei eldre kone hadde rykte på seg å vere rasande sint. Der sykla eg også forbi. Men elles så fekk absolutt alle tilbod om god kristeleg julelektyre med gripande forteljingar om møte mellom afrikanarar eller kinesarar og misjonærene. Gilde blad med kryssord, barneforteljingar, Bethlehem-relaterte andaktar og juleminne frå Hedemarken snøvinteren 1874.

Årtier etter at eg opererte som seljar på dei enkle og svært landlege gardane på Varhaug, er det først og fremst dei gamle konene eg hugsar. Kanskje mest fordi eg var ung og alle vaksne var gamle då. Og fordi mennene var i fjøset i tida då eg sykla rundt på min vinglande DBS, som var sett saman av oppretta vrakdelar av bygdas kyndige sykkelreparatør, Olav Kydland.

Elektriske dørklokker var gildt. To av husa på mi rute hadde slik luksus. Det var elles nyttelaust å banke på ytterdøra med blåfrosne fingerknokar. Ingen hørde slike pingle-lydar. Einaste alternativet var å gå inn. Det var litt skummelt for ein blyg gutunge, men ikkje vanskeleg. Alle dørene på Varhaug var opne. Enkelte hadde eit eller anna slags klokkespel hengande i gangen som laga eit skrekkeleg rabalder når det vart rista i snora. Alternativt var det gjerne ei glassdør mellom bislaget og gangen å kakka på. Siste utveg var å våge seg inn på filleryane i gangen og banke på sjølve kjøkken- eller stovedøra.

Husa på Varhaug lukta av Ata-skurepulver og innestengt luft. Vask var viktig, men lufting var det same som trekk, og trekk var farlegare enn loppebitta under svartedauden. Kvart hus hadde si særprega lukt.

Konene på Varhaug var ikkje overstrøymande høflege først på 70-talet. Ingen møtte meg med: - Hei lille venn:

- Kæ, julahepte nå? - Æ du forstøra? - Dæ æ for tiligt. - Kom innføre å lokk døra, dæ trekkje i hailsa huse. - Dæ va nettopp jul. - Dæ æ lenje te jul ennå. - Du må inkje kâma mæ julahepte før dæ æ jul, sa enkelte av kânene kvasst.

- Ken æ du, sa andre, med skingrande stemmer, og myste på meg gjennom centimetertjukke brilleglas av tysk optikk

frå tida før keisar Wilhelm abdiserte i 1918. - Hæ, du må væra son ans Halvdan, spurte gjerne ei og anna, før ho tørka av krokete fingrar på forkledet og bladde skeptisk gjennom julehefta.

- Nei, men eg er sonen til søster til Halvdan, understreka eg. - Mens Lysene Tennes kostar 11 kroner, stotra eg fram med førpubertets- og førjulsstemme, og peika på det tjukkaste heftet som selde minst.

Identitet var viktig. Å vere sonen til Svenne og søstersonen til Halvdan Hobberstad var inga ulempe for ein ung julehefteselar på Varhaug på den tida. Eg trur eg hadde litt teft. Dersom konene var ekstra oppi åra, og ville vite kven eg var, hadde eg trumfkortet klart. - Eg er barnebarnet til Magnus Hobberstad, sa eg høgt, i høve det skulle skorte på hørselen, vel vitande om at morfar i si tid var ein kjent og omtykt mann i bygda.

Inngrodd, gammaljærsk skepsis hørde med. Men det vart oftast sal. - Æg ska sjå om æg kan finna noge, sa gjerne kona med eit sukk, snudde på tøffelen og humpa inn i kjøkkenet. Snart kom ho ut at med pengetaska.

Gildast var dei konene som sa: - Kæ vil du ha for adle tri?

Aller gildast var dei konene som sa: - Kæ vil du ha for adle tri? - og som etter handelen sa:

- vent lidevetta. Så humpa dei inn i kjøkken med verkande hofter nok ein gong. Eg hørde lyden av skapdører og romstering med kakespann, før ho kom ut at i bislaget med nybakt sirupsnipp og kakemann i handa.

- Sjå hær, du må ha mæ dæg noge i hånna.

Konene på Varhaug var gilde, også før i verda. Enkelte følgde meg ut på trappa, vinka og bad meg passa bilane. - Darr he vorte mørkt. Æg må visst tenna udeljose!

- Allre bry dæg bitten om hoen, sa dei. - An æ jille!

- He du sitt saure vêr, sa konene. - Helsa heim, sa dei medan sure vindkast blafra uanstendig i blått kvardagskjølety.

- Takk. Nana, sa eg, tørka sykkelsetet med armen og steig på sykkelstelen. Eg var på veg mot neste hus, og rokk ikkje alltid å svara på siste spørsmålet frå kona.

- Æ du son ans Halvdan, du va så lige?

Sjur Håland

Maskinstasjon:
■ Skurtresking
■ Traktor og dumper

Verksted:
■ Salg av landbruksutstyr
■ Salg av landbruksdekk/felger
■ Reparasjon av landbruksdekk
■ Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr

JG MASKIN
Jan Gunnar Urdheim
Kornhøgveid • 4360 VARHAUG
Tlf. 97 63 05 05
Mob. 97 63 04 10 / 97 63 04 68

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

SpareBank 1
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

- 21/11-13 Foredrag med Inge Særheim, bibeltekst på jærmål frå 1600- talet*
26/11-13 Boklansering Kyrkjegarden ved havet v/ Sjur Håland
12/12-13 Julekonsert med Kathrine H. Varhaug og Anne Birgitte L. Bøe
*29/12-13 Romjulskonsert med Liv G. Skretting&Co **NB:KL 15.00***
23/1-14 General Forsamling, konsert
20/2-14 Tovekurs med Holen Ullverkstad
20/3-14 Castaway, konsert
10/4-14 Hagekveld

Arrangementene starter kl 19.00

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

NB: Pga. begrensa mengde parkeringsplassar er det berre bevegelseshemma som kan parkera ved løa. Me ber om at alle andre parkerer ved Rådhuset.



Tom Hetland

Kulturkveld i Løa: "Jæren i ei ny tid"

Torsdag 24. oktober gjekk fyrste "Kultur i Løa"-arrangement av stabelen.

Mens folk ankom løa, kunne ein høyra flott pianomusikk frå løestova. Camilla Haukland stod for "taffelmusikken", og innleia også det offisielle programmet med to pianostykker.

Deretter gjekk ordet til Tom Hetland, tidlegare sjefredaktør i Stavanger Aftenblad.

Han heldt eit interessant foredrag om utviklingstrender ein ser her på Jæren. Mange tema vart diskutert; landskapsendring, den jærsk identitet, utdanning og fortetting for å nemna nokre.



Etter beinstrekk og påfyll av kaker og kaffe, så var det tid for spørsmål.

Over 60 personar møtte opp denne kvelden - noko som tydar på at mange set pris på denne type arrangement. Og det kjem fleire! Oversikt over komande «Kultur i Løa»-arrangement finn du på side 6 i Varhaugbuen.

Camilla Haukland



Frå redaksjonen

Tida går fort, og snart kan me synga glade jul. Men før me kjem så langt er det mykje som skal gjerast og mykje som skal kjøpast. Styret i Varhaugbuen hadde på sist møte ei sak som hette «Handla lokalt». Bedriftsforeninga er ein av eigarane av bladet, og dei ser det som ekstra viktig at me er lojale og støttar opp om det me har i bygda, og det er ikkje lite. Sjå berre på den oppstillinga dei har lagt ved.

«Me he dæ på Varhaug» er orda me har nytta. I Gjesdal seier dei slik:

«I Gjesdal he me d»

Lukke til med julehandelen!

De me laga det første nummeret av Varhaugbuen i 1995 på 12 sider, tykte me det var stort. Men så auka det litt etter litt, og har i det siste vore 32. Me er jo fleire eigarar nå, så då er det naturleg med auke. Takk til alle som kjem med innlegg. Føler sjølv at me får til eit gildt blad med litt for kvar smak.

Redaksjonen ynskjer alle ei fin julehelg og eit godt nytt år.

Siste nytt

Britt Endresen

(svigermor til Monica frisør) åpner **Britts Galleri** i sentrumsgården, med utstilling av bilder i olje og akryl



Hå karateklubb

Trivsel i nye lokaler



VM: Helga 20-22 september deltok 5 stk fra Hå Karateklubb i dette mesterskapet. Deltakene var fra 18 ulike nasjoner. Torsdagen gjennomgikk Sensei Audrone gradering og har nå 6. dan i svart belte –og er dermed trolig den kvinne med høyest dan i Norge. Lørdag konkurrerte ungdommene, Markus Espedal (kumite), Ole Tobias Lode (kata og kumite) og Roy Andre Austrått (kata og kumite). Til tross for god innsats nådde de ikke opp i sine klasser.

Søndag konkurrerte de voksne, Magnar Lode gjorde det meget godt og fikk sølv både i kata og kumite for de med 1 – 3. dan i svart belte klasse 22 – 34 år. Sensei Audrone deltok i klassen for damer 40 – 44 år med svart belte og fikk gull i kata. Vi gratulerer alle med god innsats – men særlig Magnar's resultat er imponerende med tanke på at det er første gang han deltar i et stort internasjonalt mesterskap!

Dojo-cup i Stavanger 28.9.2013: 12 av klubbens medlemmer deltok i konkurranse arrangert av Stavanger Karateklubb. God innsats og flere gode enkeltprestasjoner!

Nybegynnerkurs i januar: Høstens nybegynnerkurs er fullt, men vi starter nytt kurs tirsdag 7.1.2014 kl.17.30. Treningstider for nybegynner vil være tirsdager og

torsdager kl.17.30-18.30. Håper flere har lyst til å prøve å trene karate! Er du usikker, er det bare å komme på trening noen ganger før du bestemmer deg for om du vil fortsette.

Sjølforvarskurs i februar: Vi startet forsiktig opp i høst med 4 – 5 stk + noen av klubbens medlemmer som også har vært med. Kursdag har vært fredager – kanskje ikke den beste dagen. Vi starter opp igjen med torsdager kl.19.00-20.30 Kursstart 6.2.2014. Kr.500 for 4 ganger – du kan delta på flere kurs. Kurset er for alle over 16 år. Vi trener på slag, spark og ulike frigjørings og





angrepsteknikker. Påmelding til 95301046 (Audrone) eller via våre Facebook eller hjemmesider: www.haa-karateklubb.com innen 25.1.2014.

Nye lokaler: Klubben trives godt i nye lokaler i Stasjonsveien på Varhaug. I høst fikk vi økonomisk støtte fra Varhaug Bygdekvinne lag som ble brukt til kjøp av mer treningsutstyr - vi takker! Før jul skal vi ha «Lagedag» for medlemmene 14. november og 18. desember blir det «Julekos» for alle klubbens medlemmer. 7. desember blir det gradering og da har vi vært så heldige å fått låne lokaler av Varhaug Idrettslag for å få avvikla dette på en grei måte – vi takker! Publikum er velkommen til gradering på Varhaug Idrettshus lørdag 7.12.kl.11.00. Vi håper flere har lyst til å trene med oss i Hå Karateklubb – både barn og voksne er velkomne!

Styret i Hå Karateklubb.

KLAR FOR VINTER?

FK BUTIKKEN VARHAUG

STRØSINGEL
15 KG SEKK

69,-

GJØR DEG VINTERKLAR HOS OSS

TRÅTRAKTOR
M/HENGER JD 2 1/2 ÅR

799,-
FØR 1199,-

SNØFRESER
COMPACT TRACK
24LET

15990,-

FK Varhaug
Tlf 51 77 14 70
Åpent 8-17 (9-14)

butikken
fkra.no/fkbutikken



Jærtreffet 2013

Jærtreffet 2013 vart arrangert 20. - 22.september. Mange danse- og spele glade fant vegen til Varhaug denne helga. Plassen vart fylt opp av bobilar og glade gjester tidlig på ettermiddagen. Veret var strålende, så mange sat ute i sola og snakka med gamle kjende, og hørde på god musikk.

Fredags- og lørdagskvelden spelte 15 ulike orkester opp til dans. Musikken var god og variert. Dansegolvet vart flittig brukt begge kveldane og stemninga var god.

Det vart arrangert allsang på lørdag. Dette var veldig populært, og i gamlesalen var mange sangglade folk. Etterpå kunne ein kjøpa seg middag, kake og kaffi i kafeen. Mange nytta høvet og fekk seg litt mat i magen.

Jærbelgen Trekkspelklubb og Varhaug idrettslag vil takka alle som kom til Varhaug for å dansa og spela. Håpar at endå fleire tek turen til Varhaug neste år. Jærtreffet 2014 vert 19. - 21.september 2014.

Jærbelgen Trekkspelklubb



Tenning av julegrana

fredag 29. nov.

Nissane kjem og deler ut poser med julekos
Korpset spelar julemusikk.
Johanne Dahstrøm Ånestad har ein kort appell
Etterpå kan de kosa dykk i Sentrumsgården og
Stuelandbygget.

Stuelandbygget får besøk av korpset
Asbjørn serverar tante Liv sin gløgg.

Sentrumsgården har åpent til kl.19.00 med
gode tilbud og servering av grøt.

Førjulsosen er ikkje ferdig med dette

Laurdag 30. november vil Gordon på Spar selja
grøt, det er Superdag på Pulsen, og ungdomar spelar
julemusikk.

Og i Sentrumsgården

er det og i dag gode tilbud og kafeen
serverar pinnekjøtt og ribbe.

Laurdag 14. desember

vil Gordon på Spar igjen selja grøt og ungdomar
spelar julemusikk.

Her kan ein slappa av i sentrum med både gløgg,
grøt, middag eller anna i ei travel handletid.

Åpningstid Kafe Hjørna:

Kvardag 10.00-17.00

Torsdag 10.00-18.00

Lørdag 10.00-16.00

Sundag 10.00-18.00

Last ned appen! Nå også på nynorsk!



Apple®



Google play

TIME  SPAREBANK
- for Jæren



Hå skulesjakk

Skulesjakken blomstrar

Skulesjakken blomstrar på Varhaug og Vigrestad. No har klubben 37 medlemmar frå Nærbø (7), Varhaug (20), Vigrestad (7), Brusand (2) og Sirevåg (1). Bare gutter!

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen.

På Varhaug speler me tirsdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa.

Hå skulesjakk var vertskap for ei kjempeturnering i haust. Det var «KM i Rogaland i sjakk for barn og unge» som gjekk av stabelen laurdag 19. oktober på Varhaug Misjonshus. Foreldre til dei lokale sjakkspelarane sto for kafeteria, og me hadde fått Gunhild Nord-Varhaug til å koke risgraut til deltakarane. Og det var noko sjakkspelarar likte,- ingen annan stad enn på Varhaug vert det servert graut på sjakkturneringane! Dei yngste var 5 år, dei eldste var ungdomar opp mot 26 år.

Me hadde dei to gruppene med dei 24 eldste og beste deltakarar sitjande i møtesalen for å få best mulig ro, medan dei andre 112 spelte i matsalen. Og bord for å ete ved var plassert i gangen. Mellom dei 6 rundane kunne spelarar og familie nytta seg av ungdomssalen med m.a. biljardbord og bordtennis og sjakkbrett.

Leiarane i Stavanger vart overraska over kor mange som ville reise så langt sørover og spela sjakk. Det vart ny noregsrekord med 136 deltakarar i eit kretsmeisterskap. Og dei aller fleste hadde med seg familie og vener, så det var om lag 250 personar til stades mellom kl 1130 og premieutdelinga kl 1800. Jærbladet lage ein flott reportasje måndagen etter.

Vi i Hå Skulesjakk sto for det praktiske, medan Rogaland Skulesjakkutvalg sto for leing av sjølve turneringa og premier.

Arrangementet var så vellykka at representanten frå Ungdommens Sjakkforbund i Oslo spurte rett ut om me ville ta på oss og arrangera NM for skulelag!

Det er lagt ved nokre bilete frå turneringa og resultatliste. Frå Hå skulesjakk hadde me heile 20 deltakarar, og det vart ein kretsmeister frå Varhaug: Bård Kydland vann klassa for 10 år! Gratulerer!!!!

For Vaksne? Dersom nokre har lyst til å spela sjakk, så kan det la seg gjere torsdagar på Vigrestad etter skulesjakken. Ta kontakt på tlf 92617652 dersom du har lyst til å vere med.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Resultater

Gruppe A (17-26 år) og B (15-16 år) ialt 7 deltakere

Pl	kl	Navn	Klubb	Poeng	Ratingprest
1	A	Fredrik Beer Jacobsen	Stavanger Sku	17,0	2067
1	B	Alseit Kizatbay	Stavanger Sku	15,0	1753
2	B	Ludvig B. Ellingsen	Sandnes Usk	14,0	1649
2	A	Eivind Aartun	Stavanger Sku	14,0	1650
3		Hanna B Kyrkjebø	Stavanger Sku	13,0	1570
4		Caroline Beer Jacobsen	Stavanger Sku	12,0	1545
5		Marte B Kyrkjebø	Stavanger Sku	11,0	1513

Gruppe C (13-14 år) ialt 17 deltakere

Pl	Navn	Klubb	Poeng	Ratingprest
1	Benjamin Fossan	Stavanger Sku	16,0	1641
2	Henrik G Tallaksen	Stavanger Sku	16,0	1517
13	Rino Haver Figenschou	Hå Ss	11,0	0734
14	Mathias Gunnarshaug	Stavanger Sku	10,0	0848
15	Jens Marius Tjelta	Sandved Ssk	10,0	0585
16	Vebjørn Mysen	Stavanger Sku	9,0	0840
17	Ruurd Kuipers	Hå Ss	8,0	0399

Gruppe D (12 år) (9 deltakere)

Pl	Navn	Klubb	Poeng	Ratingprest
1	Ole Andre Seglem	Sevland Sku	18,0	1118
2	Marias Grude Eriksen	Smeaheia SS	14,0	0737
3	Sverre Skjølingstad	Stavanger Sku	14,0	0689
4	Rafaíl Voldemars	Stavanger Sku	13,0	0739
5	Christopher Munk	Stavanger Sku	13,0	0603

Gruppe E (11 år) ialt 25 deltakere

Pl	Navn	Klubb	Poeng	Ratingprest
1	Aleksander Fossan	Stavanger Sku	17,0	1153
2	Mats Nærheim	Smeaheia SS	16,0	0994
3	Magnus Falck	Stavanger Sku	15,0	0935
4	Abyl Kizatbay	Stavanger Sku	15,0	0711
17	Josef Auklend	Hå Ss	12,0	0247
18	Elias Aarsland	Hå Ss	10,0	0432
24	Morten Hauge Sikveland	Hå Ss	8,0	0305

Gruppe F (10 år) ialt 20 deltakere

Pl	Navn	Klubb	Poeng	Ratingprest
1	Bård Kydland	Hå Ss	16,0	0785
2	Fredrik Lytomt Jacobsen	Stavanger Sku	16,0	0720
3	Charlotte Tallaksen	Stavanger Sku	16,0	0665
4	Noah Jørgensen	Sevland Sku	14,0	0694
5	Mads Even Hobberstad	Hå Ss	14,0	0501
6	Ari Maman	Hå Ss	14,0	0515
7	Jone Ege	Hå Ss	13,0	0424
8	David Tskhovrebov	Smeaheia SS	13,0	0258
9	Oskar Feed Jakobsen	Hå Ss	12,0	0486
10	Trygve Nilsen	Sevland Sku	12,0	0367
11	Rasmus Auestad	Hå Ss	12,0	0308
12	Livar Lende	Hå Ss	12,0	0197
13	Sander Joa	Stavanger sku	12,0	0093
14	Ole Dvergsdal	Hå Ss	10,0	-0047
15	Arvid Feed Jakobsen	Hå Ss	10,0	-0049
16	Thilo Aasland Sund	Sandved Ssk	10,0	-0054
17	Aslak Moland	Hå Ss	10,0	0020
18	Kristian Varhaug	Hå Ss	10,0	-0211
19	Oscar Skjøldt Tønnesen	Stavanger Sku	8,0	-0169
20	Aksel H. Halvorsen	Stavanger Sku	6,0	-0014

Gruppe G (9år og yngre) ialt 56 deltakere

Pl	Navn	Klubb	Poeng	Ratingprest
1	David Nesse	Smeaheia SS	17,0	0946
2	Shazil Khan Shehzad	Stavanger Sku	17,0	0885
3	Erlend Raugstad Kluge	Smeaheia SS	16,0	0805
4	Live J. Skigelstrand	Stavanger Sku	16,0	0705
23	Asle Kydland	Hå Ss	13,0	0192
30	Simon Auklend	Hå Ss	12,0	0142
32	Filip Aarsland	Hå Ss	12,0	0123
44	Svend Tobias Ualand	Hå Ss	10,0	0092



Premieutdeling



Dei beste



Nytt frå Misjonshuset Det går mot jul...

No er haustsemesteret kome over halvveges. Ein av dei store og tradisjonsrike arrangementa var allehelgenfesten 3. november. Neste skikkelig store arrangement er "vi synger jula inn" som blir 15. desember.

Same dag er det dekket bord for eldremiddagen, som vert arrangert av "vi over 60"!

Og det står to julemessar framføre, begge i november. 15-16/11 har Misjonssambandet julemesse og 22-23/11 er det Misjonsselskapet si julemesse. Desse messene er gode inntektskjelder for misjonsarbeidet, - og det er mye kjekt å kjøpe, både mat og kaker og hånarbeid m.m. Og gilde møter og arrangement for barn og vaksne.

Kyrkja på Odland vart renovert i haust, og då vart gudstenestene feira på misjonshuset, - og vi synes det fungerte greitt i dei om lag 2 månadene kyrkja var stengd. Det var vel berre pipeorgelmusikk me ikkje kunne få til!

Elles kan me nemne at Misjonshuset i samarbeid med Varhaug Idrettslag inviterer til julekonsert på Idrettshuset. Den vert rett før jul, søndag 22. desember kl 1800. Kjende artister deltek: Sigvart Dagsland og Karoline Krüger.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808.

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Følg med på internetsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover. Internetsida er fornya, - og me håper det kan gjere den meir attraktiv.

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. Sfr-bank)



HiHat Management presenterer

Karoline Krüger & Sigvart Dagsland

JUL

NYTT
ALBUM
II. NOV

Karoline Krüger & Sigvart Dagsland holdt lenge sine omfattende karrierer adskilt. Men de siste årene har de hatt stor suksess i landets konserthus med sine duo-konserter, hvor de kun har hatt et flygel med seg på scenen. I 2013 tar de samarbeidet enda et skritt videre, med en julekonsert. Med seg på scenen har de band og blåsekviintett. Det er klart for en stemningsfull, virtuos og humoristisk kveld, med to av landets beste sceneartister.

Varhaug IL og Varhaug Misjonshus inviterer til julekonsert

SØNDAG 22. DESEMBER I VARHAUGHALLEN



Dørene åpner kl. 17.00. Konsertstart kl. 18.00
Voksne kr. 375,- (400,-v/ inng.) Barn under 16 år kr. 275,- (300,- v/inng.)
Billetter kjøpes på vil.no



60 års jubileum for første klasse i 1953



Ein augustdag for 60 år sidan i 1953 – før nokon entra månen, 22 førsteklassingar møtte opp på det litla skulehuset på Ånest', blyge og beskjedne, med sommarfuglar og store forventningar i magen.

Frøken Åse Eriksen, sikkert like spent, skulle lære oss mysteriet med tal, bokstavar, bibelsoge og songar.

Plansjane på tavla med bokstaven og ei fin teikning skrivebok for tal og bokstavar blyant og viskelær.

Tønna med leire i gangen av denne leira me skulle lære å forme.

Friminutt og utedo vaskefatet i kroken og Hallvard som budde like ved.

Me lurte oss ned i hagen kom for

seint att til timen måtte stå i gangen.

Mange minne eller kanskje berre nokre få?

Helga Hatteland i andre og så i tredje me skifta til Lerbrekk skule og Bjørg Bø.

Fjerde og femte me vart plutselig store og fekk lærar Framnes.

Skulle lære soge, naturfag og landkunne skriva stil, læra salmevers og katekisme.

Å, ja, det vart å bite i blyanten mange gonger.

Penn og blekk skjønnskift og kråketær gangetabell og mykje meir.

Og ikkje nok med det - det vart helsekontroll med pinking i armen vaksine mot poliomelitt og gaflastikk grammatikk – bøye verb lære om substantiv og adjektiv.

I sjette, sjuande og framhaldskule til flunkande ny skule på stasjonen med kjøkkenskule, syskule og sløyd ja, endatil utedoen vart bytt til vannklosett stor framgang kallar dei slikt

Dei som hadde lyst kunne lære engelsk.

Og så entra me over i livets skule for nokre endå meir skule andre rett ut i arbeid.

Sit lærdomen 60 år etter?

Kanskje ikkje alle detaljer, men eit hav med livserfaring på både godt og vondt har forma oss til den me er i dag.

Mykje vatn har runne både i Tvihaugsåa, Varhaugsåa og Reiestbekken sidan den tid då me bada i hølen fiska små aure og fanga sugeål mykje har hendt utviklinga har vore enorm.

Kven hugsar stilen om heime hjå meg sjølv om 25 år? stemmer det du skreiv? ikkje for meg, skal ikkje røba meir.

Nå skal me kosa oss og prata saman om laust og fast.

Syngja litt, mimra litt og eta godt. Veldig gildt at du kom. Utan deg, ingen fest.

Brit Obrestad, 20.09.13





Hallbasar 2013



ALLTID BEST SAMMEN

Velkommen til årets Hallbasar på Varhaug Idrettslag

Søndag 1. desember kl. 13.00

Loddsalget er torsdag den 21. november

Lodd kan også kjøpes på Idrettshuset

Mandag, tirsdag og torsdag kl. 08.00-21.00

Den årlige basaren på Elgane

vert laurdag 14. desember kl. 12.00

Alle velkomne



Refleks...Refleks...Refleks...

Det er mørketid. Husk difor lys på sykkelen, refleks på kleda eller aller helst refleksvest når du ferdast ute i mørkret.

*Du finner det meste
hos oss ;-)*







Bodle Foto: Tarald Ueland

"Der korn sildrar"

Den utflytta Varhaug buen, Tarald Ueland, har fleire vorte kjende med gjennom Varhaugbuen, der han sjølv skreiv litt om boka om Uelands slekta. Eg skeiv og i sist nummer om boka til Sjur «Kyrkjegarden ved havet», om samarbeidet han hadde hatt med Tarald og forlaget hans; Ueland Historiske Forlag. Og i 2010 var Tarald ide- og prosjektansvarleg for boka «Duale mæ steidn», som og Varhaugbuen har skrive om tidlegare. Som redaktør av Varhaugbuen, har eg vore invitert både til pressekonferansen for steinboka og den til Sjur.

Nå er Tarald nett ferdig med eit nytt stort prosjekt «der korn sildrar», ført i pennen av Helge Haugen (som og skreiv det meste i steinboka).

5. november var eg på ny invitert til pressekonferanse, denne gongen på Fotland Mølle. Staden kunne vel ikkje passa betre for denne boka på 200 sider og med eit vell av flotte bilete.

I innleiinga i boka finn eg dette: »Korn har vært mat gjennom alle tider. «Korn eller ikke korn, det var liv eller død», sier Knut Hamsun i Markens Grøde. I ærefrykt og takknemlighet ble kornet kalt Gudslånet. Det var lånt fra Gud. Både i Babylon og gamle Egypt ble korn betraktet som gave fra gudene. Den viltvoksende «morplanta» til maisen i Mexico het Gudekornet.»

Dette er ei bok om kvedne og mølle på Jæren og i Dalane, frå Randaberg til Sokndal.

I Rogaland reknar dei me at det har vore 3000 små og store kverner langs bekker og elvar. Mange av desse var på Jæren og i Dalane. Berre i Risa bekken reknar ein med det har vore 11 kverner. Og her på Varhaug har med «kvednå i Bodle». Der har eg vore med på mange dugnadstimar, både med reparering og maling av korn saman med skuleklassar. Berre så synd at den ikkje vert teke betre vare på av kommunen.

Det er mykje gildt både og lesa og sjå i boka, og mykje nytt lærde eg og. Ikkje minst kor verdfull ei kvern var. Hadde ein gard ein vassrett, vart den sett til 1/3 av verdet av garden, og på Høyland prestegard vart vassretten sett høgare enn heile utmarka.

Kvernsteinane var og ein del av det utvandrarane til Amerika tok med seg.

Takk til Tarald for at eg fekk koma til Fotland og nok ein gong møta Haugen i tillegg til alle dei dyktige, frivillige «kvednafolkå» frå Bjerkreim og Eigersund.

(Reknar med at det vil ligga mange av både boka til Sjur, denne om møllene og dei store historiske bøkene til kommunen under juletreet dette året)

Liv




Tur til Steinkjerringa

Gågruppa til bygdekvinnelaget gjekk måndag 30. september frå Holmavatn og til Steinkjerringa. Ein nydeleg haustdag, heilt perfekt for slik tur. Småvatn som låg heilt stille og spegla himmel og landskap. Lufta heilt klår, så me kunne sjå så langt auga rakk. Graset har haustfarge. Kviger og sauer går framleis og beiter. Ei kvige laga ein snodig formasjon på avstand, men ho tykte visst det var kjekt at det kom folk og. Godt humør er ikkje noko problem sjølv om ein skliar og ramlar i sorpa.

Nå hadde det seg slik at Steinkjerringa hadde fått nyss om denne turen, så det vart ei overrasking då me kom fram. Bak Steinkjerringa var det ei kjerring som hadde gøymt seg. Trudde først det var Elna frå Staurhodl, men det var nok ikkje henne likevel, men ei frå Aniksdal. Ho hadde utstyrt seg med kaffi, twist

og eple som ho spanderte på gruppa. Det vart mykje lått og løye av det, så turen attende til Holmavatn gjekk som ein lek. Finare dag kunne me ikkje fått, men gågruppa går kvar måndag kl. 09.30 uansett ver. Det er berre å møte opp på parkeringsplassen ved idrettshuset.

Brit Obrestad



HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hrd.no



Svala 4H

Haustrfest 2013



**Restesalg på dusj og
30% på lagerført
småutstyr i butikken
frem til jul.**



Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Åpningstider

i julen 2013

Julaften og nyttårsaften stengt

Mandag 23. - fredag 27. og

mandag 30. desember

07.00-15.00

Fredag 18. oktober hadde vi haustfest i Svala 4H. Me var samla ca. 180 stk i aulaen på Varhaug Skule. Etter opninga av festen ved leiaren i klubben starta underholdninga for kvelden med musikalsk innslag av Maren, Thea og Vilde.

Vi var også så heldige å få besøk av ordførar Mons Skrettingland, som haldt ein tale om kor viktig arbeidet som ungdommen la ned i 4H var og overrakte ei gåve til klubben. Sjur Håland haldt som vanleg ein god festtale til oss.

Til mat hadde vi lapskaus frå Skrettingen. Etter matpausen hadde Sanne, Olea, Andrine, Susanne og Oda Karoline nokre reklameinnslag, etterfulgt av ei bildeframvisning som viste kva vi har gjort dette 4H året.

Nono Dimby representerte Rogaland 4H og saman med Iris Odland Knudsen fra Sparebank 1- SR bank sto dei for merke utdeling til 40 medlemmar.

Medlemmane fekk utdelt merke og sølvskei for god innsats. I år var Camilla Skrettingland aleine som plakett mottaker, ho fekk i tillegg ein krystall vase for å ha fullført 9 år i Svala 4H.

Bjørn Vaule Aanestad fekk pokal frå Varhaug BU for sitt prosjekt Aspirant-trearbeid.

Lene Wigestrang Tjemsland fekk pokal frå Varhaug Bondelag for sitt prosjekt Mat med mjølk.

Olea Håland fekk pokal frå Varhaug Bygdekvinneleg for sitt prosjekt Form og fantasi.

Irene Håland fekk ryggsekk frå Nortura for sitt prosjekt gris.

Sist men ikkje minst hadde vi åresalg med premier som fruktkorger, 4H artikkelar med meir. Med inntektene frå åresalget går 50% til klubbarbeidet og 50% til 4H sitt ulands prosjekt i Sambolabo i Kamerun.

*Ragnhild Skretting
-Sekretær-*



Camilla Skrettingland

Læra med å gjera

Lyst å begynne i 4H?

Kva er 4H?

4H er for barn og unge i alderen 10-25 år. Dei som går i 4. klasse eller meir kan altså bli medlem sjå oss. Det blir ikkje stilt spesielle krav til å bli medlem du kan meine og ha interesse for det meste.

Som 4H medlem må du løyse eit praktisk 4H-prosjekt i løpet av året. Igjennom prosjekta lærer du mykje nytt. Det er mange ulike prosjekt å velja i mellom, slik at alle skal kunne finne eit emne som passar. Du blir kanskje ikkje ekspert etter å ha løyst eit 4H-prosjekt, men 4H-ere lærer ved å gjera, og kan dermed bli flinkere til mange ting.

Det er 4H medlemmene sjølv som styrer klubben, og bestemmer kva dei ønskjer å gjera. Medlemmane vel også vaksne klubbrådgjevarar og /eller foreldrerepresentantar som kan vera med på å gi råd og hjelp til styret og medlemmane i klubben. 4H tilbyr kurs i leiaropplæring og organisasjonsarbeid for både unge og vaksne.

Det er elles tilbod om både kurs og leirer. Aspirant leir for dei minste, og fylkes og landsleir eller nordisk leir for dei eldste. Dei fleste som har vore på leir ein gong tykkjer leirlivet er topp, og deltek år etter år.

På www.n4h.no kan du finne meir informasjon om 4H

Nye medlemmer kan starte på innmeldingsmøtet mandag
25 november 2013 kl 17 – 18.30 i foajeen på Varhaug
skule.

Lurer du på noko kan du ta kontakt med

May Helen Skrettingland mobil 92 21 67 57 eller
may.helen.skr@hesbynet.no

Hanne Borsheim mobil 46 44 54 68

Hilsen

Styret i Svala 4H





Advents-cafe

for «hjelp til Russland

Lørdag 7. desember

kl.12.00-17.00 på Kydland

hjá Solfrid og Berge Kydland

Sal av graut og mykje anna heimelaga

etanes – også glutenfri

I år som i fjor vert det basar!

Pengane går uavkorta til stiftelsen

«hjelp til Russland» www.helprussia.no

Cafeen vert ute i garasjen, husk det kan

bli kaldt!

Velkommen



Henting av juletre

Lørdag 4. januar 2014

vil 9. klasse på Varhaug ungdomskule
samle inn juletre for kr. 50,- per tre.

Vi starter kl. 13:00 og kjører utover
ettermiddagen.

Sett treet på trappa eller ved
inngangsdøren.

Inntektene går til klassetur i 10. klasse.

Ved spørsmål kontakt:

Siri Rasmussen Lea, tlf. 948 13 801

Coop Extra

foto: Torgeir Steinnes



Etter ei tid med byggeaktivitet ute og helst kaos inne i Mega butikken, var det 14. november klart for åpning og snorklipping av Coop Extra, som mellom anna har låge prisar på 5500 varer, kvar dag heile året. Dei har og eit stort og spennande utval av ferdigpakka ferksvarer og ei fristande frukt- og grøntavdeling.

Eg snakka litt med Erlend Strand, driftssjef Coop Høyland og Jæren, som har fungert som dagleg leiar på Varhaug den siste tida. 2. desember er den nye daglege leiaren på plass, og då trappar Erlend ned her og går tilbake til sin vanlege jobb. Både Erlend og eg møtte mange i dag som var veldig positive til den nye butikken, men at det nok ville gå ei stund før dei fann seg til rette med alt. Men ein ting vart framheva; den litle skjerma kafikroken. I dag var det og servering av kaffi og kake til dei handlande som ynskte det.

Ja, me he dæ på Varhaug.

Om kvelden var Varhaug skulemusikkorps på plass og hadde ein fin liten minikonsert. Dette vart nok som ein generalprøve for korpset, for til helga skal dei stå på ein større scene i Stavanger Forum og vera med i konkurransen Stavanger Open. Dette vert nok både ei gild og tøff oppleving for dei unge musikantane. Men det dei viste i dag var i alle fall ei positiv oppleving. Varhaugbuen ynskjer både dei og Coop Extra lukke til vidare.

Lørdag 23. november skal og korpset spela på NMS Julemesse, ved tenning av julegrana 29. november og på Spar.

Liv





Varhaug Bygdekvinnelag

Årsmøte

Leiar Eva Aniksdal kunne ynksje 24 damer velkomne til årsmøtet i Løestova 26.sept., spesielt velkommen var leiar i Rogaland BK, Olaug Vikingstad og Brit Obrestad som skulle spela til songane. God aktivitet og oppmøte gjennom året viser årsmeldinga, økonomien er også god iflg. rekneskapet, alt vart godkjendt utan merknad.

Kontigenten vart ikkje endra, og det var ingen innkomne saker, så sjølve årsmøtet gjekk fort unna slik at Olaug Ferkingstad fekk ordet. Ho presenterte seg sjølv og fortalde litt om fylkeslaget og derira funksjon. Så var det tid for mat, det blei servert Pizza som smakte godt--- og så fekk me besøk av Olaus, Elna og Kornelius frå Staurhodl— dei sang—hadde fotmassasje- og replikkane kom--- jammen blei det lått!!!!

Svisrull og kaffe stod for tur og samtidig åresalg--- åresalget hadde styret bestemt skulle gå til Pet-skanner, og kr. 2.800,- blei resultatet.

Siste post på saklista stod så igjen, nemlig valget, og leiar i valnemda Aud Håland leda valget som gjekk glatt igjennom med fylgjande resultat:

Eva Aniksdal gjenvalgt som leder for 1.år- det var skriftleg valg på leder og ho fekk 20 stemmer som var alle stemmeberettiga. Bjørg Reime Håland gjenvalgt for 2 år - Lenita Salte ny styremedlem for



Liv klar for pedikyr - Live på årsmøtet

2 år- Grete Skretting gjenvalgt som 1. varamedlem for 1. år og Britt Skretting som ny 2. varamedlem for 1 år. Oddbjørg Skrettingland og Aud Bratland Bø var ikkje på valg.

Revisor blei gjenvalg på Agnes Varhaug Siqveland for 2 år, Laila Skrettingland var ikkje på valg.

Årsmøtet skulle så velge 1 ny til valnemda, og Aud Håland tok gjenvalg på 3 år- Britt Skretting har 1 år igjen og Hilde Skrettingland har 2 år igjen.

Aud Bratland Bø orienterte så om aktiviteten ut året— neste møte i oktober vert på onsdagen—da er me invitert til Nærbø som skal ha lege og kreftforsker Håvard Søyland på besøk.

Eva Aniksdal delte så ut blom til Olaug Vikingstad og Brit Obrestad som takk for deira jobb- og alle i det nye styret fekk kvar si rose før ho takka av for kvelden og me avslutta med «Fager kveldsol smiler»

*Oddbjørg Skrettingland
Ref.*





Litt info frå

Varhaug Bygdekvinnelag

Nytt år er starta for Bygdekvinnelaget, og styret er de samme:

Leder Eva Aniksdal, **Nestformann** Aud Bratland BØ
Sekretær Oddbjørg Skrettingland, **Kasserer** Bjørg Reime
Håland med påfyll av et **nytt styremedlem**, Lenita Salte—
et ungt påfyll- velkommen! **Varamedlem** Grete Skretting
med Britt Skretting som **2. varamedlem** (ny)

Programmet for året:

28. november dreg me til Else på Myrane- ser i hennar juleverkstad.

Torsdag 12. des. er det julemøte på Lerbrekk, komiteen er Lerbrekk-krinsen, så kva som står på programmet er ikkje «lekt» ut endå—men set av kvelden og kom i julestemning--- ta gjerne med ledsager.

30. januar i Lensmannsløa , Røde Kors kjem ; Kva når ulykka er ute??

27. februar i Lennsmannsløa, Helene Lerbrekk; Kosthold og trening .

I mars er det Sonemøte og da er det Bore Bygdekvinnelaget som er vert- dag og dato ukjent nå.

24. april starter møtet kl. 16.00 kor me dreg til meieriet i Kviamarka og får sjå når det er i drift- så reise me vidare til Pilgarden på Klepp og ser, deretter skal me finne noko å eda.

29. mai er det dagstur—kor ??? -set i alle fall av dagen . Då står Varhaugmarken i juni igjen, tradisjon steiker me lapper og sel, kjekt hvis mange vil være hjelpe--- me har fine forkle til å stille i!!!

Det vert alltid servert kaffi + litt åttåt på møta – og kanskje litt program utenom—så åresalg.

og oppslag kjem på Coop, Sentrumsgården og Spar før kvart møte.

Bunadkurs er i gang, og bakekurs er nett avslutta--- .

Mandag 27 januar kl. 18.00 vil me starte fotokurs for nybegynnere kor me skal lære å få bilder til datamaskin, redigere og få system, Brit Obrestad vil undervise. Kurst går over 3 kvelder, neste kurskveld vert mandag 3.febr. og 10.febr.

Datakurs for nybegynnere starte tirsdag 14. januar kl. 18.00- Anne Hobberstad underviser.

Kurser er på 5 kvelder, kvar tirsdag til 11.februar, tek utgangspunkt å lære Word, Exel ellers etter behov. Kursa vert i Bibloteket på Varhaug skule, påmelding til Oddbjørg Skrettingland, telf. 99104254.

Er det noko som har gode forslag/ynskje om ting som laget kan bidra med så er det flott—godt å få ideer. Kan nevne at 4. desember frå kl. 9.30 har me lova å baka julekaker på Klokkarhagen- har nokon lyst å ver med er de velkomne - i september var me å baka Nordlandslefse og lapper der —veldig kjekt. Pr. i dag er det 67 medlemmer i laget, (har fått 6 nye etter årsmøtet) men det er plass til fleir. Så til slutt vil eg takke alle som var med frå Bygdekvinnelaget på TV-innsamlingsaksjonen i oktober!

*For styret
Oddbjørg Skrettingland*





Har ledige plasser

Vi er et storband. Vi spiller jazz, rock og pop i tillegg til vanlig korpsmusikk.

5 gode grunner for å bli med i korps:

- Du blir i godt humør av å spille musikk.
- Du får bedre selvtillit av å mestre et instrument.
- Du trimmer hjernen og blir flinkere på skolen.
- Du får oppleve flotte konserter og spennende turer.
- Du får venner for livet.!!

Blir du med i korpset får du:

- *Gratis instrumentopplæring i kulturskolen. (verdt 1242,- pr halvår)
- *Sommertur (tilkommer en egenandel)
- *Kurs og seminarer med og uten overnatting.
- * Spille mange kule konserter.
- Vi har søskenmoderasjon

-Ta kontakt om ditt barn liker musikk og vil spille sammen med oss!

Vi har felles øvingsdag mandager, i tillegg til instrumentopplæring i kulturskolen!

Hilsen styret i Varhaug skulemusikkorps: Haldis Lie Byberg (leiar) Kjartan Aanestad (nestleiar) Møyfrid Skrettingland (sekretær) Sigbjørn Særheim (materialforvalter) Elin A. Johannesen (kasserer) Lars Ole Bergersen (dirigent) og korpsrep: Mary Ueland

Mødeplassen

Her er det god aktivitet. Kvar måndag er det ein gjeng som spelar kort. Er du ein som liker kortspel, så er det berre og møta opp på måndag klokka 13.00.

Er ikkje dette noko for deg, men likevel vil ha ei sosialstund saman med andre, så kom på bingoen kvar måndag kl. 15.00. Her er det god stemning og fine gevinstar. Litt og bita i får du og.

Liker du og røra litt på deg, så er kanskje senior-dansen på tysdag kl. 10.00 noko for deg? Her får du kyndig instruksjon av Kirsten, så det går nok ikkje lenge før du får føtene til å gå dit dei skal.

Elles er strikke-kafeen på plass her første måndag i månaden kl. 16.30.

Det har og vore song stund med Vigrestad Pensjonist 2 gonger, og dei kjem nok att, viss me berre vil ha dei.

Mødeplassen kan og nyttast av andre lag og organisasjonar, både til kurs og vanlege lagsmøte. Det er berre å ta kontakt.

Me er veldig glade for at me fekk i stand denne «Mødeplassen» midt i sentrum. Og me håper verkeleg at kommunen ser verdet av dette, når leigeavtala går ut til neste sumar, slik at bingo, kortspel med meir kan få halda fram i gå avstand for dei fleste.

Helsing Turid, Kirsten og Liv

Nytt frå Lerbrekk

Det skjer mykje på den gamle skulen vår. Fast er sundagskafé første sundag i månaden. Men ikkje i desember og januar. Torsdag 5. desember er det den årlege graudafesten. Tarald Ueland vert med og fortel om «Besteforeldre før og nå». Juletreffet er laurdag 28. desember kl. 16.00.

Lefsebakinga var den 5. november. Då var det ein god gjeng i gang i eldhuset. Astrid og Harald sytte for å «mylla eplå» og lage deigen. Astrid laga til emna. Berit baka føre, Kristi tok utbakinga, og Johannes tok seg av steikinga. I kjøkken var det Ingfrid som tok seg av «klininga», og Olaug la dei i plastposar. I år feira dei 10 årsjubileum med lefsébaking. Dei første åra steikte dei på den gamle omnen med fyring under hedla. Men etter at Sverre døydd, har dei gått over til elektrisk takke. Det er vanskeleg å halde jamn varme med fyring. Halv tolv var det middag med pølse, poteter og gulrøter. Sigbjørn var kokk. Og Sigrid kom med sviskegraut til dessert. Seinare vart det kaffi og lefsa. Men først ei lita økt med baking. Lefsa er ikkje for sal, berre til intern bruk på graudafesten og juletreffet.

Vaskegjengen var og i sving med reingjering. Den faste vaskegjengen er Olav, Johannes, Sigbjørn, Harald og Ingvar. Helga 19. og 20. oktober var utstillinga Kunst & Kult på Lerbrekk. Her var m.a. filmtaker, pilfletting, naturdekorasjonar, naturhudpleie, barneklær, keramikk og akvareller, med andre ord; litt for ein kvar smak. Vioala Krans var godt nøgd med besøket til utstillinga. Ho var



med for 5. år på rad for Krims & Krans på Vigrestad. I lærarbustaden var det kafé med kaffi og heimebakt.

Skulen blir mykje brukt til feiring av runde dagar, og familieselskap for dei som ikkje har stor nok stove heima. Den blir og utleigd til lag og organisasjonar. Det er alltid koseleg å koma til Lerbrekk. For oss som har gått på skulen er det jo ekstra gildt at den blir så godt teken vare på.

Brit Obrestad



Nytt frå

Varhaug Bondelag

Etter årsmøtet 17. oktober er styret i Varhaug bondelag slik:

Leiar: Geir Erik Aanestad
Nestleiar: Kai Jarle Skretting
Sekretær: Magnus Ånestad (ny)
Kasserar: Ole Terje Aarrestad (ny)
Verveansvarleg: Lenita Salte

1.vara og skulekontakt: Lene Iren Rangen

Fyrst vil eg nytta høve og takka dei i styret som gjekk ut for godt arbeid, og samstundes ynskja dei nye velkomne.

På fyrste styremøtet diskutera me kva utfordringar/arbeidsoppgåver me ville møta i året som kjem. Både ny regjering og landbruksministar har me fått. Kva dette vil føra med seg er ikkje godt og seia, men det er i alle fall viktig å ha eit sterkt bondelag.

Medlemsverving vil stå sentralt i arbeidsåret. Lenita Salte er verveansvarleg. I dag er me 255 medlemar, og me håper Lenita får med seg mange nye. De kan og ta kontakt med ein i styret dersom de ynskjer å verta medlem.

Lene Iren Rangen er skulekontakt. Styret meiner at kontakt med skule /elevar er viktig for bøndene, og både skulefrukost og gardsbesøk er noko me vil halda fram med.

Styret vil og prøva å tenka nytt på inntektsbringande tiltak. Mange idear er i lufta. Det er alt nå bestemt at me

skal ha innsamling av jern 14. mars. «Samla i hop det de har, og vær klar!» Nærare informasjon om stad og tid kjem seinare.

Måndag 27. januar 2014 vert det stormøte i VIL-hallen. Bondelaga i Hå, Sparebank 1 SR Bank, Hå kommune er arrangør.

Me satsar på toppane i norsk landbrukspolitik.

Varhaug bondelag har og nokre dugnadsoppgåver på Internatet, vakter på Jærmessa og liknande. Håper å få positive svar når me spør. På førehand takk.

Helsing Geir



Ole Andreas og Lisa Breiland frå Rogaland Bondelag

Ungdomslaget si flaskeinnsamling 4. januar 2014



Rett over nyttår, laurdag 4. januar, går den årlege flaskeinnsamlinga til Ungdomslaget på Varhaug av stabelen. Då vil me samla inn flasker på heile Varhaug til inntekt for Ungdomslaget sitt misjonsprosjekt. Me vil køyra til alle husstandane i bygda med bilar og traktorar med tilhengarar.

Alle som ynskjer å bidra med flasker kan setja ut flaskene på trappa eller utmed vegen denne dagen, eller venta til me ringjer på og spør om de har flasker å gje. Inntektene frå panting av alle flaskene vil også dette året gå til eit misjonsprosjekt i Nord-Afrika der Varhaugsbuar står sentralt i arbeidet.

Ved innsamlinga sist januar kom det inn flasker for 36.000 kroner, og me håper det kjem inn like mykje denne gongen.

Me vil på førehand seia takk til alle som er med å gjev flasker.

Styret i Ungdomslaget

Hausttakkegudstenesta

29. september var det nok ein gild hausttakkefest med stapp full kyrkje, der bygdekvinnelaget hadde hatt ansvaret for pyntinga. Her var verkeleg kreativiteten til Eva, Bjørg og Oddbjørg godt synleg.



Gullkonfirmater 6. oktober 2013



50 års konfirmantar
i Varhaug kyrkje 06.10.13

Sundag 6. oktober var 48 konfirmanter frå Varhaug og Vigrestad samla i Varhaug kyrkje som 50 års konfirmantar. Me fekk ein gild gudsteneste med dåp, før me samlast til middag og samvær på Varhaug Misjonshus. Konfirmasjonsdagen vår var 23. september 1963, og det var ikkje like lett å kjenna igjen alle etter mange år. Mange trivelige historier blei fortalt, og det er imponerende kva enkelte kan minnst. Me hadde ein gild ettermiddag, med god middag, trivelege samtaler og mange kjekke gjensyn.

Inger Haugstad

Lerbrekk brua



Denne har vore ein «hyppig gjest» her i bladet. Men nå trur eg det snart er slutt. Det har nemleg skjedd noko på brua. Det er kome nytt rekkverk. Det er støypt 2 store klossar på vestsida av brua, slik at mindre køyretøy skal kunna koma fram, og eg reknar med at det skal verta slik på austsida og. Men armeringsjern og material låg framleis slik det låg for ein månad sidan, så ting tek tid...



 **TIPPING**
WWW.NORSK-TIPPING.NO

V75 



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30
Søndag 10.00 - 22.30

Varhaug Bygdeungdomslag

Tevlingsdag 9. november

Det er fleire år sidan sist, så no var det tid for å samle medlemmar frå heile fylket til å konkurrere med og mot kvarandre. Tevlingane me valde å halde dette året var:

Verneløp: Verneløp er ei tevling bestående av ei løype med poster der man skal finne farlige forhold som kan føre til arbeidsulykker.

- Osteanretning
- 5 om dagen: Annretning av frukt og grønt.
- 3 kamp: Eksteriørbedømming av storfe/hest/sau: eitevling der man skal vurdere de ulike kvalitetene til storfeet/sauen/hesten, for eksempel holdning, muskelmasse og pels.

Varhaug var representerte med fleire tevlarar. I år stakk me jammen av med nokre palleplasseringar også.

- Maren Iren Kvía, stakk av med 2. plass i osteanretnig. I tillegg vart ho vinnar i Verneløpet. **BRA JOBBA!**
- Magnhild Aanestad ,Leif Egil Siqveland og Roar Nedrebø kom på 2 plass i ”5 om dagen”
- Olav Varhaug kom på 1.plass i tevlinga ”3 kamp”
Olav er for øvrig leier i Rogaland Bygdeungdomslag, noko me er krye av.

På kvelden var det duka for fest på internatet. Det varmar eit Bu-hjarta å sjå kor mange nye fjes som møtte på festen. Nye og eldre medlemmar. VBU er i eit generasjonsskifte, Så det er kjekt for me som har vore med ei stund å sjå at organisasjonen går vidare.

No ser me i VBU fremover, samtidig som me gler oss til jule ferie og nyttårsfeiring saman med venner og famelie. Me ønsker alle ei fredfull og kjekk høgtid.

Mvh Styret i VBU v/ Maren Ueland



Nytt frå

Varhaug Bedriftsforening



Vi ønsker Eiksenteret Varhaug, Waldeland & Dubland og Jæren Apotek velkommen som nye medlemmer i Varhaug Bedriftsforening!

Siden forrige nummer av Varhaugbuen har VBF hatt medlemsmøte, der vi også inviterte næringsdrivende i Varhaug som ikke er medlemmer (ennå). 16 medlemsbedrifter var representert med til sammen 21 personer. Men det var beskjedent oppmøte fra de nye i sentrum. Vi fikk høre Barbro Dahl fra Arkeologisk Museum fortelle fra utgravningene i Tjemslandsmarka, der området nå er frigitt for opparbeiding av industriområde. Eivind Galtvik og Jan Harald Forsmo ga oss tanker og idéer omkring konkurranse og samarbeid. Og ordfører Mons Skrettingland deltok med tanker og i debatt om aktuelle spørsmål.

Varhaug Bedriftsforening er opptatt av å synliggjøre handels- og servicetilbud på Varhaug. Vi mener forretningsdrivende i sentrum må profilere seg samlet.

Første anledning nå er julehandelen. Hva kan dere tilby oss forbrukere som skal ut og gjøre julehandelen? Hvorfor skal vi gjøre innkjøpene i Varhaug? Og hva er det egentlig å få kjøpt i Varhaug?

I dette nummeret av Varhaugbuen presenterer vi en oversikt over varer og tjenester Varhaug kan by på. Er det noen som savner sitt firma, eller er telefonnummeret eller noe annet feil, er det fint om redaksjonen i Varhaugbuen får beskjed. Så kan vi rette det opp til neste gang.

I disse dager har mange flyttet inn i nye leiligheter i sentrum, og det er spennende. Sentrum er i endring, og det er viktig at vi bygger identitet for et levende Varhaug sentrum samtidig! Og her er de forretningsdrivende krumtappene! VBF oppfordrer alle butikkene til å samle seg om felles opplegg, gjerne gjennom VBF! Og vi oppfordrer alle Varhaugsbuer til å støtte opp om de tilbudene vi har i sentrum.

God julehandel, og god jul!

Butikker mm:	Tlf:
Arild Austrått (tele-IT-utstyr)	901 61 016
Bøen AS (storkiosk)	51 43 00 99
Coop Varhaug (dagligvare & jernvare)	51 79 94 40
Eiksenteret Varhaug (landbruk mm)	51 79 94 80
Felleskjøpet (landbruk mm)	51 77 14 70
Fix it (frisør)	993 75 100
Fotograf Haukland AS (fotograf)	452 80 838
Glizz (klær)	944 27 465
Halvorsen Fargehandel (maling & interiør)	51 43 61 00
Hege & Heidi Salongen (frisør)	51 43 10 18
Jæren Apotek (apotek)	51 43 57 77
Jæren Gulv AS (parkett & gulvbelegg)	51 43 13 78
Jæren Landbrukssenter (landbruk mm)	51 20 84 02
Kafe Hjørna (matservering)	47 54 00 79
Klyppeloftet (frisør)	51 43 00 20
Lars Gaute Sport AS (sport)	51 43 28 80
Lotus Blomster & Gaver (blomster)	51 43 89 00
MECA Haaland Bilverksted (bilverksted)	905 06 566
Misjonssentralen Gjenbruk (ting & tang)	51 43 05 06
Monica AS (frisør)	479 54 607
MX Sport (sport)	976 64 076
R. Skretting AS (slakter)	51 43 02 16
Rørlegger Team AS (baderom)	51 79 83 10
Sentrum Salongen (frisør)	51 43 11 02
Sentrumsgården Bilpleie (vask & boning)	94 14 03 13
Spar Varhaug (dagligvare)	51 43 01 36
Storm Tjenester v/A Sirokova (velvære)	953 01 046
Varhaug Blomster Atelier AS (blomster)	51 11 18 88
Varhaug Gatekjøkken (matservering)	51 43 13 60
Varhaug Hud- og Fotterapi (velvære)	51 43 13 69
Varhaug Pizzabakeriet (matservering)	400 05 611
Varhaug Servicenter AS (bensin mm)	51 43 02 33

Tjenester mm:	Tlf:
AH Bygg (bygg betong)	51 79 85 79
Bygg Tjenester AS (bygg tømmer)	953 38 330
Byggm. Jon Harald Håland (bygg boliger)	51 43 07 70
Byggm. Skrettingland & Lobekk (bygg boliger)	51 43 80 06
El Team AS (elektro)	51 48 67 40
Erik Håland Maskin (bygg grunnarbeid)	51 43 12 99
Fjordkjøkken AS (storkjøkken)	51 79 15 00
Hauck Dør Port Service (garasjeporter mm)	51 43 05 66
Herredsvela Transport (transport)	900 75 500
Hå Element (bygg betong)	51 79 86 90
Hå Regnskap & Data AS (regnskap)	51 79 12 20
Jærentreprenør AS (bygg betong)	51 79 87 00
Jærmester AS (bygg tømmer)	51 79 86 80
Jærøk DA (regnskap)	51 48 22 66
Lobekk Bygg AS (bygg tømmer)	51 43 09 99
Magnar Hellenen (bygg tømmer)	51 43 07 34
Odland AS (bygg betong)	51 31 57 11
Ole G Nord Varhaug & Co (stål/ maskinering)	51 79 35 50
Prostik as (oppmåling)	51 43 88 70
Pål Skretting AS (oppmerking/ innredning)	908 89 556
SI Bygg AS (bygg boliger)	51 79 18 80
SpareBank 1 SR-Bank (bank)	02 002
Stasjonsveien 24 AS (eiendom)	934 21 672
Stubo AS (møbellager)	51 79 92 60
Stueland AS (eiendom)	928 29 136
Time Sparebank (bank)	51 79 83 00
Typhonix AS (væske/ ventilteknologi)	934 01 294
Uldal AS (vinduer, dører)	38 13 71 00
Varhaug Park & Hage AS (hage)	51 43 59 00
Varhaugpuls (trening)	954 55 899
Waldeland & Dubland (bygg murer)	992 50 989
Årdal & Skeie Maskin AS (grunnarbeid)	51 43 02 84

RUNDKØYRINGA PÅ TOPPEN

Eit bilete i Varhaugbuen var alt som skulle til! Sjå kor fin rundkøyringa vart!

Brit Obrestad



Advokatkontor på Varhaug

Advokatene Stokkeland, Sørensen, Skjeifrås DA som etablerte seg på Varhaug har ikke fast kontortid, men trenger du hjelp ring/epost:

Telefon 51 46 35 00 – e-post: post@advokat-stokkeland.no.

Kontoradresse er Skrågata 2 – i samme bygg som Lensmannen i Hå – 1. etasje i andre enden i forhold til Lensmannen.

Dette blir et avdelingskontor i forhold til hovedkontoret som de har i Egersund. Mange på Varhaug og sørover kjenner igjen Brian Skjeifrås, fra «Haua», som hadde en karriere i SR Bank på Varhaug for noen år siden. Han er advokat på dette kontoret.

Dette advokatkontoret har flere jurister med flere spesialområder og vi kan kort nevne familierett herunder arv, bygg-/byggesaker, forretningsjus etc. Nøl ikke med å ta kontakt, avtal tid, ikke vent til «krasjet» er et faktum, forebygg heller.

Oppfordring fra Varhaugbuen: bruk de lokale tilbudene vi har, slik at de blir værende!

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
3. mars.

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.



Strikke-kafeen

Siste gong med strikke-kafeen i
år vert
Måndag 2. desember
kl. 16.30-19.00

Me vil ynskja dei strikkeglade
damene ei fin julehelg
og eit godt nytt år.

Og så starter me opp på nyåret
Måndag 6. januar kl. 16.30-19.00

Helsing frå oss i styret i Varhaug
bygdekvinnelag





Sentrumsgården

VARHAUG

Varhaug *Blomster Atelier*

Medlem av Euroflorist

vi lager alt fra dåp, konfrimasjon, bryllup, begravelse, firma. Vi har egen firmaavtale.

Vi leverer også til privatkunder eller firma.

Ring 5111 1888

Kafé-hjørna

Knallgode priser på:

- Catering • Julebord • Smørbrød • Minnestund •
- Bryllup • Selskap • Vinsmaking

Firma-avtaler

Ring 47 54 00 79

SENTRUMSGÅRDEN BILPLEIE



Gode tilbud:

- Bilvask • Dekorfjerning • Lakkforsegling •
- Ripefjerning • Boning • Innvending rens •
- Felg rens • Motorvask •

Ring 941 40 313

Monicas

Vi kan:

- Bryllup • Make up • Dame og Herrefrisør •
- Forming og farge av bryn/vipper • Spesial •

Ring 47 95 46 07



Gode tilbud på:

- Friluft • Klær • Sko • Sykler • Fiskeutstyr •
- Firmavtaler

Ring 976 75 950

GLIZZ.NO



Vi skal skifte konsept og selger derfor ut alle varer i butikken til 50%. Tilbudet gjelder så lenge langeret rekker!

Velkommen til en god handel hos Glizz på Varhaug!

Ring 944 27 465

PIZZABAKERIET™

- Firmaavtaler • Pizza • Kebab •
- Levering på døren

Ring 4000 5611

Sentrumsgården kan tilby:

Gunstige priser på utleie av lokaler.

Beste beliggenheten på varhaug.

Tilpasser lokaler og størrelser til alle leietakere.

Utendørs og innendørs parkering til kunder.

Lekeland tlf. 941 40 313